



Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119 Dep.
0032 Oslo

Dato: 01.11.2017
Vår ref.: 2016/5831-4
Saksbehandlar: ANNHEST
Dykkar ref.:

Arbeidet i fylka med å skaffe fleire læreplassar.

Arbeidet med å få til samarbeid med nye læreverksemder til fag- og yrkesopplæringa har hatt høg prioritet i Hordaland dei siste åra. I strategiplanen for seksjon for fagopplæring for 2016-2019 er målet at vi skal auke total kapasitet på verksemder med 10 %. Det betyr at basen vår med verksemder vi samarbeider med, skal vere 10 % større i 2019 enn ved utgangen av 2016. Vi har om lag 2000 læreverksemder i Hordaland, noko som utgjer om lag 10 % av alle registrerte verksemder i fylket. Potensialet er med andre ord stort, men det er også høgt omløp i nokre bransjar. Verksemder blir etablerte, og andre blir lagt ned.

Hordaland har sidan 2014 forsøkt ulike stimuleringstiltak for sikre fleire læreverksemder. I 2014 la vi ut tilbod om 30 000 kroner i tilskot til opplæringskontora for kvar ny verksemd dei klarte å rekruttere. Vilkåret var at dette skulle vere ei verksemd som vi ikkje hadde i basen vår frå før. Tiltaket vart godt motteke, men hadde liten effekt. Når vi gjorde opp status etter eit år, var talet på nye verksemder i opplæringskontor på same nivå som året før - og året før der igjen. I 2015 innførde Regjeringa eit ekstra tilskot til nye verksemder på 50 000 kroner. Vi vidareførde dette tiltaket i 2016, utan at vi finn synlege effektar.

I 2014 etablerte vi eit samarbeid over tre år mellom NHO, LO og fylkeskommunen.

Samarbeidet vert gjerne omtalt som «Aksjon lærebedrift». Det vart tilsett ein person med koordineringsansvar i NHO som fylkeskommunen betalte for. Dette tiltaket har hatt verknad på fleire område, mellom anna har ein årleg læreplasskonferanse vakse fram frå dette prosjektet. I år vart denne konferansen opna av statsminister Erna Solberg. Her var også mange verksemder og opplæringskontor med. Fylkeskommunen har bestemt at

denne aksjonen skal halde fram. Vi skal bli enda klårare på at målet skal vere å rekruttere fleire læreverksemder og å få eksisterande verksemder til å ta inn fleire lærlingar.

I 2017 starta vi også eit prosjekt med yrkesfagkoordinatorar ved fem store vidaregåande skular i Hordaland. Målet med prosjektet er å få fleire ut i lære og at skulane skal ta eit sterkare grep om dette arbeidet. Delar av prosjektet rettar seg inn mot å byggje lokale nettverk, rekruttere fleire læreverksemder og bruke koordinatorane aktivt til å hjelpe ungdom med å kome i posisjon til å få lærepllass.

Vi har også teke i bruk utdanning.no og finnlærebodrift.no, i fyrste omgang for å betre kunnskapsgrunnlaget vårt og for at vi skal vite sikrare kvar skoen trykkjer mest, og om det er mogeleg å betre situasjonen. Ei samanstilling av tal har alt gitt oss eit meir solid utgangspunkt i arbeidet med dimensjonering. Hordaland fylkeskommune har ikkje vore treffsikker nok med å dimensjonere kapasiteten på elektrofag, og vi sit i 2017 igjen med opp mot 100 elevar som har søkt men ikkje fått lærepllass. Vg3 i skule har blitt løysinga for mange. I tabellen under viser vi korleis dette slår ut. I elektrikarfaget er til dømes 20 % av arbeidstokken lærlingar. Dei aller fleste verksemndene er med, og dei som er lista som potensielle læreverksemder, har stort sett ikkje produksjon som dekkjer læreplanen.

I tømrarfaget er situasjonen annleis. Her er det langt fleire verksemder enn det er tilgang på lærlingar, og potensialet er også stort. Utfordringa vår her er at vi ikkje greier å levere nok ungdommar som er klar til å gå ut i lære. Søkjartala har gått nedover, noko som igjen betyr at vi må leggje ned tilbod. Om lag 50 % av kontraktane i tømrarfaget er etter opplæringsløpa 0+4 eller 1+3. Den same utfordringa har vi i anleggsbransjen og i betongfaget. I bilfaga er haldninga at det er for mange «svake» elevar, og difor vel verksemndene å ikkje ta inn lærlingar. Industrimekanikarfaget er spesielt, sidan dette faget vart hardt råka av nedturen i oljesektoren, og er det framleis.

Fag	Kontraktar 16	Verksemder	Potensial
Elektrikarfaget	205	144	37
Helsearbeidarfaget	209		
Barne- og ungdomsarbeidarfaget	175		
Tømrarfaget	204	283	101
Bilfaget, lette kjøretøy	76	118	44
Industrimekanikarfaget	59	67	38
IKT-servicefaget	46	59	24
Anleggsmaskinførarfaget	44	122	41
Betongfaget	37	54	32

Talet på nye verksemder i Hordaland har vore stabilt dei siste åra:

Nye verksemder	2015	2016	2017	Totalsum
Tømrarfaget	26	27	21	75
Salsfaget	16	17	11	44
Anleggsmaskinførarfaget	18	9	10	37
Barne- og ungdomsarbeidarfaget	14	12	10	36
Kokkfaget	9	9	11	29
Frisørfaget	10	9	6	25
Bilfaget, lette kjøretøy	6	9	4	19
Yrkessjåførfaget	7	7	5	19
Rørleggarfaget	9	4	4	17
Elektrikarfaget	2	4	8	14
Betongfaget	3	6	5	14
Kontor- og administrasjonsfaget	3	7	2	12
IKT-servicefaget	4	4	3	11
Hestefaget	3	5	2	10
Totalt	187	196	157	540

Som det går fram av tabellen, er tømrarfaget det faget der vi har flest nye verksemder.

Det er også slik vi kjenner bransjen relativt høg «turn over» blant verksemndene. Det er ikkje nok søkjarar til alle verksemndene. Den same situasjonen har vi i salsfaget,

anleggsmaskinførarfaget, kokkefaget, frisørfaget, yrkessjåførfgaget, røyrleggarfaget og betongfaget.

Nokre av utfordringane med å sikre lærepllassar til alle som søker, kan løysast enkelt med tøffare dimensjonering. Vi har lagt ned tilbod på elektro, og det må ganske visst leggjast ned enda fleire tilbod, slik at situasjonen ikkje vert for skarp for dei einskilde elevane. Det å få elevar til å velje fag der det er nok lærepllassar, er ei langt større utfordring. Vi har også utfordringar på mobilitet og å påverke eit mønster der verksemdene primært ønsker lokalt forankra arbeidskraft. Ein slik situasjon har vi i dag i Hordaland, der til dømes verksemder på Stord ikkje får tak i kvalifiserte lærlingar, medan søkerar til lærepllass i Bergen og omland står utan lærepllass og får tilbod om Vg3 i skule. I TIP-faga har vi mista over 40 % av søkerane i løpet av to år, noko som fører til nedlegging av skuletilbod av di det ikkje er søkerar nok til å fylle klassar.

Som fylkesordførar er eg særstakken oppteken av å betre samarbeidet med lokalt og regionalt arbeidsliv, både med tanke på å sikre tilstrekkeleg med lærepllassar til ungdomen vår, men også fordi det styrkjer kvaliteten på utdanningane vi tilbyr. Dette er noko av bakgrunnen for at nyttårsmøtet til fylkesordføraren i 2018 tydeleg vil tematisere utfordringa fagopplæring og kompetanse.

Anne Gine Hestetun
fylkesordførar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.